

BIBLIOTEK



Kollemo skole har kombinert skule- og folkebibliotek. Bibliotekaren tek vidareutdanning og skriv nå ei oppgåve om barn og bøker. Ho har innleia eit samarbeid med oss i 1. og 2. klasse. Vi er i denne prosjektperioden på biblioteket for å lytta til høgtlesing 2 gonger i veka. Barna har sjølv valt ei av fire mulege bøker til dette. Dei andre dagane i veka les vi frå same boka på klasserommet.

I tillegg blir foreldra oppfordra til å lesa for elevane heime. Dei har fått "Leselogg" der dei skriv kva bøker dei har lese og kor lang tid dei har brukt. Når dette prosjektet er avslutta, får elevane diplom og premie frå biblioteket.

Utanom denne prosjektperioden har vi fast time på biblioteket kvar måndag. Då presenterer bibliotekaren ei bok for barna og les enten heile boka eller smakebitar av ho. Resten av timen får barna gå rundt, bla i bøker og velja 3 stk til heimlån.



Bibliotekaren har fine utstillingar av bøkene samla i emner med leiker som passar til. Stolar, sofakrok og stor puff innbyr til kos med bok.



Vi vel å presentera dette, for klassebiblioteket er lite aktuelt i denne perioden. Med den nærheten vi har til det flotte biblioteket, er det der vi går og låner og blir inspirert til lesing på skulen.

Kirsten Loka og Ruth Anita Kjellingland